

— 28 —

krynt til konge i Norig 1449. Dei riksdokument som daa vart utferda, let Karl skriva paa godt norsk bokmaal, betre enn vanlegt for den tid, sjølv sagt noko blanda med svensk. Men ingen vert daara av dette til aa tru at der i denne vesle norske uppløging laag noko tilstemne til ei norsk maalreisning. Det var berre liksom ein sukk det gamle, norske riksmålet drog. Hadde det vorte aalvor av samlaget med Sverike, er det fulla tvil laust at me hadde fenge svensk til bokmaal og kanskje aldri vorte føre til aa reisa uppatt vaart eige maal, med di svensk er so likt norsk at det vilde ha vore lettare for svensken aa festa roter enn for dansken.

Dette skulde heller ikkje ganga so. Det vart ein braa ende paa samlaget med Sverike*). I 1450 kom danskekongen Kristjern den fyrste til Norig og vart teken til konge. Paa eit møte i Bergen vart det oppsett eit dokument — *bergens-recessen* — um den nye »bebindelse» millom Norig og Danmark. Dokumentet er underskrive av 26 norske og danske riksråadar og utferda i tvo einslydande brev, eit for Norig og eit for Danmark, men baae tvo paa dansk. Dette var det fyrste drjuge hogget mot det norske bokmaalet. Fyre 1450 hadde dei danske unionskongar jamnaste bruka norsk maal i brevi aat nordmennerne, alt fraa dronning Margreta si tid. Etter bergens-recessen i 1450 er alle kongebrev, som vart utferda fraa Kjøbenhavn, skrivne paa dansk; og etter denne tidi ser me daa ogso at den danske innverknaden paa det norske bokmaalet er i veksande, jamvel um svensken hev

*) I det brevet (14/6 1450) Karl Knutsson segjer fraa seg retten til Norig, skriv han daa ogso egte svensk.